



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Grete Hamre  
Telefon: 57643141  
E-post: [fmsfgrh@fylkesmannen.no](mailto:fmsfgrh@fylkesmannen.no)

Vår dato  
23.08.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/2104- 461.5  
Dykkar referanse

Bremanger Båtforening  
Hauge  
6727 Bremanger

Att. Roy Wærø

## Bremanger Båtforening - løyve til mudring og dumping i båthamna ved Ytre Hauge

*Fylkesmannen gir Bremanger Båtforening løyve etter ureiningsregelverket til mudring i båthamna ved Ytre Hauge i Bremanger kommune. Vi gir samstundes løyve til dumping av muddermassane i sjøen like sør for mudreområdet. Løyvet er gitt på nærare vilkår, og tiltaket må vere starta opp innan to år.*

*For arbeidet Fylkesmannen har hatt med utsleppsløyvet, må det betalast eit gebyr til staten.*

Vi viser til søknad frå Bremanger Båtforening datert 19.06.2018 der de søker om løyve etter ureiningsregelverket til mudring og dumping i og ved båthamna ved Ytre Hauge i Bremanger kommune.

Føremålet med tiltaket er å gi båthamna betre tilfløt ved fjøre sjø. Tiltaket går ut på å mudre i sjøbotnen slik at djupna vert auka frå 1 til 1,5 m. Muddermassane er planlagt dumpa like utanfor båthamna, slik det er vist i søknaden. Tiltaket skal utførast frå lekter.

Det vart i utgangspunktet søkt om å fjerne om lag 475 m<sup>3</sup> sediment over eit areal på vel 950 m<sup>2</sup>. I ettertid har arealet og mengd muddermassar vorte redusert til om lag 300 m<sup>3</sup> over 600 m<sup>2</sup>.

**Med heimel i kapittel 22 i Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforkrifta), gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Bremanger Båtforening løyve til å mudre og dumpe om lag 300 m<sup>3</sup> massar i og ved båthamna ved Ytre Hauge i Bremanger kommune. Løyvet er gitt med vilkår.**

**Løyvet gjeld i to år. Dersom tiltaket ikkje vert starta opp innan denne fristen, fell løyvet bort. Alternativt må det i god tid før oppstart søkjast om forlenging av løyveperioden.**

### Vilkår for løyvet:

1. Mudring og dumping skal utførast innanfor området som er vist på kart og foto i søknaden (sjå figur 3 på side 3 og figur 6 og 7 på side 6 i vedlegg 2).
2. Mudring og dumping må utførast ved minst moglege tidevasskilnad og ved rolege vind- og bølgetilhøve.
3. Det øvste laget (0-10 cm) skal mudrast først og leggjast mest mogleg kontrollert nedst i mudreområdet.
4. Mudrearbeidet må gjeonnomførast med utstyr som minimaliserer risikoen for at sedimentet går i suspensjon.
5. Dumping av sediment må gjeonnomførast på ein måte som i minst mogleg grad fører til spreieing av finstoff og dermed ureining.

6. Ålmenta og Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gang.
7. Dersom det oppstår unormale tilhøve som anten har ført til eller kan føre til ureining, skal tiltakshavar straks melde i frå til Fylkesmannen.
8. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultatet av arbeidet vert presentert og vurdert opp mot dei vilkåra som er sette i løyvet. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført, og han skal m.a. innehalde:
  - Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk er mudra og kor mykje som er dumpa (rekna i m<sup>3</sup> eller tonn).
  - Plassering av massane i sjø (kart med posisjon og UTM-koordinatar)
  - Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva korrigerande tiltak som er sette i verk
  - Vurdering av kva miljøpåverknad tiltaket har ført med seg

### Omtale av tiltaket

Sjøområdet innanfor moloane på Ytre Hauge er på om lag 10 000 m<sup>2</sup>. Dette området utgjer ein liten del av vika mellom Indre Hauge i aust og Torvanger i vest. Båthamna til Bremanger Båtforening ved Ytre Hauge strekkjer seg over eit areal på om lag 4000-5000 m<sup>2</sup>. Hamna vert nytta av fiskarar med små sjarkar og av privatpersonar med fritidsbåtar av ulke storleikar.

For å få betre tilflôt til båthamna ved fjøre sjø, ynskjer Bremanger Båtforening å mudre i sjøbotnen inne i hamna, og å dumpe mudremassane i eit djupare område like utanfor. De har difor søkt Fylkesmannen om løyve etter ureiningsregelverket til tiltaket. Det er planlagt å mudre om lag 300 m<sup>3</sup> sediment over eit areal på om lag 600 m<sup>3</sup> like vest for midtre flytebrygge. Området der det er planlagt å dumpe muddermassane, ligg 100-150 m sør for mudreområdet og har eit areal på om lag 100 x 60 m. Mudring og dumping skal gå føre seg frå lekter.

Det er teke prøvar av sedimenta i mudreområdet. Desse er analyserte for tungmetall og organiske miljøgifter. I tillegg er det målt kornfordeling, tørrstoff og totalt organisk karbon (TOC). Det er ikkje teke sedimentprøvar frå dumpeområdet.

Resultata frå dei fleste undersøkte parametrane ligg innanfor tilstandsklasse I (svært god) og II (god), jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-608/2016. Nokre parametrar låg over grenseverdiane for ureining i sediment (tributyltinn (TBT), og dei polisykliske aromatiske hydrokarbona (PAH-stoffa) antracen, pyren og benzo(a)antracen).

### Høyring

Søknaden har vore på avgrensa høyring hjå Fiskeridirektoratet, region Vest, Kystverket og Sogn og Fjordane fylkeskommune i tida 13.07.-20.08.2018. I tillegg vart det i samband med Bremanger kommune si handsaming av reguleringsplanen, sendt ut nabovarsel til relevante grunneigarar. Søkjar har sjølv høyrte Bremanger Fiskarlag.

Følgjande fråsegn kom inn:

Bremanger Fiskarlag har ingen motførestillingar til at det vert dumpa muddermassar på skissert dumpeplass.

Fylkesmannen har elles ikkje motteke fråsegner til søknaden innan fristen.

### Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for avgjerda

I følge ureiningslova § 7 er det forbode å setje i verk «noko» som kan føre til fare for ureining, men etter søknad kan Fylkesmannen gi løyve til slik aktivitet på visse vilkår.

Mudring og dumping i sjø, når tiltaket vert utført frå skip / lekter, vert regulert etter kapittel 22 i ureiningsforkrifta, som gjeld mudring og dumping frå fartøy. Slike tiltak krev alltid løyve frå Fylkesmannen, jf. § 22-6 i forskrifta.

Ved avgjerda om vi skal gi løyve, legg vi vekt på moglege ulemper knytte til ureining, haldne opp mot fordelar og ulemper som tiltaket elles vil kunne føre til, jf. ureiningslova § 11.

Fylkesmannen skal også vurdere tiltaket etter vassforskrifta og §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### Resipienten og ureiningssituasjonen

Sjøområdet på Ytre Hauge har i lange tider vore nytta til hamneføremål. Det ligg mange naust og kaier/brygger både aust og vest for båthamna. Ut frå lokal kunnskap og satelittfoto ser det ut til at sjøbotnen i heile området ved Ytre Hauge består av sand og leire/silt. Området der det er planlagt å dumpe muddermassane består av ei fordjuping sentralt i vika, som er avgrensa av Haugsneset og Holmen. Djupna her er på 10 – 15 m.

I tiltaksområdet skal det mudrast 0,5 m frå 1 m til 1,5 m djupne. Tiltaket det er søkt om løyve til, er i følge Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av sediment (M-350/2015 rev. 2018), klassifisert som eit «lite» tiltak dvs. at areal og mengd massar som det er søkt om løyve til å mudre og dumpe, til saman utgjør mindre enn 1000 m<sup>2</sup> og 500 m<sup>3</sup>. For tiltak av denne storleiken kan det vere aktuelt med sedimentundersøkingar og naturkartlegging.

I følge Fishguard AS sitt «Notat med miljøvurdering», datert 21.04.2018, er det gjennomført sedimentgransking/prøvetaking, laboratorieanalysar og ei enkel risikovurdering av resultatane.

Det er teke prøvar frå tre stasjonar frå mudreområdet, men det vart diverre ikkje teke prøvar frå dumpestaden. Prøvane er, i samsvar med tilrådingane i Miljødirektoratet sin rettleiar for risikovurdering av ureina sediment (M-409/2015), undersøkte for tungmetall, organiske miljøgifter, kornfordeling og innhald av totalt organisk karbon (TOC). Resultata frå laboratorieanalysane er vurderte opp mot grenseverdiane som er gitt i Miljødirektoratet sin rettleiar «Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota» (M-608/2016). Denne rettleiaren er eit verktøy for å kunne klassifisere sediment i fem tilstandsklassar (I svært god -V svært dårleg) ut frå innhald av miljøgifter. Overgangen mellom klasse II og III er definert som grensa for risikovurdering Trinn 1.

Resultata frå dei kjemiske analysane viser at tiltaksområdet er ureina med TBT og PAH-stoffa antracen, pyren og benzo(a)antracen. Det er påvist konsentrasjon av TBT som i utgangspunktet svarar til tilstandsklasse V (svært dårleg). I tillegg er det påvist konsentrasjonar av antracen og pyren som svarer til tilstandsklasse III (moderat) og IV (dårleg), og benzo(a)antracen som svarer til klasse III. TBT vart tidlegare nytta som groehindrande middel på båtar. Miljøgifta er svært utbreidd i det marine miljøet, og grenseverdien er svært låg. Slike låge verdiar er nesten umogleg å detektere ved vanlege analysemetodar. TBT vert i tillegg berre moderat brote ned i sediment. Det er difor sett ein «forvaltningsmessig» grenseverdi på 35 µg/kg. Resultata av analysane viser lågare konsentrasjonar av TBT enn dette. Innhaldet av TOC ligg på 1-2 %. Mengd finstoff (<63 µm) ligg mellom ca. 35 % i prøve 1 inst i båthamna og ca. 19 % på det ytste prøvepunktet. Ureininga er mest truleg knytt til partiklar i denne fraksjonen.

Ut frå korleis sjøområdet ved Ytre Hauge har vore nytta, er det grunn til å tru at miljøtilstanden som er avdekkja gjennom analyse av sedimenta i mudreområdet, er representativ for området på innsida av (nord for) Holmen – Haugsneset, dvs. at ureininga er relativt jamt fordelt i sedimenta. I

dumpeområdet er det lite straum nær botnen, så det er mest truleg at dei dumpa massane vil halde seg i ro her.

### Vurdering etter vassforskrifta

Føremålet med vassforskrifta er å gi rammer for å fastsetje miljømål som skal sikre mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane.

Områda der det er søkt om løyve til mudring og dumping, høyrer inn under vassførekomsten 0282000031-C Bremangerpollen, som igjen er ein del av vassområde Sunnfjord i vassregion Sogn og Fjordane.

Vasstypen er karakterisert som «moderat eksponert kyst» ([www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no)). Den økologiske tilstanden i vassførekomsten er klassifisert som «god», medan den kjemiske tilstanden er «ukjend». Ut frå opplysningane som ligg føre, er dette er ein resipient med antatt generelt god miljøtilstand. Det er ikkje kjende utslepp frå industri eller avløpsanlegg i nærleiken av tiltaksområdet.

Etter Fylkesmannen si vurdering er det ikkje noko som tyder på at tiltaket det er søkt om, vil føre til endring av tilstandsklassen til denne vassførekomsten slik at han ikkje vil oppnå målet om minst tilstand «god», jf. føringane i vassforskrifta.

### Vurdering etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (§§ 8-12) skal leggjast til grunn i offentlege avgjerder som kan røre ved naturmangfaldet, jf. § 7. Dette inneber at avgjerder skal byggjast på eit vitskapleg kunnskapsgrunnlag, dei skal ivareta eit føre-var-prinsipp, og ein påverknad skal vurderast i samheng med den samla belastninga som eit økosystem vert utsett for. I tillegg skal det nyttast miljøforsvarlege teknikkar og metodar til tiltaket.

#### Dumping av sprengsteinmassar:

Dumping av massar på sjøbotnen vil kunne påverke det marine miljøet i utfyllingsområdet ved at leveområde for dyr og planter som lever på botnen, vert dekkja over. I tillegg vil organismar som er spesielt kjenslevare overfor suspenderte partiklar, kunne ta skade av tiltaket.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Heile mudreområdet innanfor Haugsneset – Holmen ved Ytre Hauge består i all hovudsak av sand og leire/silt. Dette tilseier at det er lite makroalgar, med tilhøyrande faunadiversitet. I følgje Naturbase (Miljødirektoratet) ligg mudreområdet i eit område der naturtypen «bløtbusnksområder i strandsonen» er registrert. Denne naturtypen vert vurdert som viktig. Grunngevinga for vurderinga, er at dette er eit middels stort område med blautbotn sør for Stad. Dumpeområdet ligg utanfor området med den registrerte naturtypen. Det er ikkje registrert raudlista artar i området. Fylkesmannen vurderer at kravet til kunnskapsgrunnlag for dette tiltaket er oppfylt.

#### § 9 Føre-var-prinsippet

Sidan vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere konsekvensar for naturmangfaldet i sjølve utsleppssaka er oppfylt, er ikkje føre-var-prinsippet aktuelt å vurdere nærare.

#### § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Fylkesmannen er ikkje kjend med at lokaliteten for tiltaket det er søkt om løyve for, vert påverka av andre tiltak eller aktivitetar i nærleiken som kan vere med på å auke den samla belastninga av økosystemet.

### § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Tiltakshavar må dekke kostnadene med etablering av eventuelle avbøtande tiltak som må setjast i verk for å hindre ev. skade på naturmangfaldet så langt dette ikkje er urimeleg ut frå storleiken på tiltaket og skadeomfanget

### § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Tiltaket vil vere ein tradisjonell utdjupingsjobb.

### **Vurdering av avbøtande tiltak og overvaking**

Under mudre- og dumpearbeidet, vil noko av sedimentet kunne gå i suspensjon. For å hindre spreieing av finstoff og dermed ureining, må det øvste sedimentlaget (minst 10 cm) mudrast først og leggjast så kontrollert som mogleg nedst i dumpeområdet. Desse massane må vidare dekkast til med reinare massar.

Arbeidet må utførast i ein periode med relativt liten tidevasskilnad og ved rolege vind- og bølgetilhøve.

### **Konklusjon**

Med bakgrunn i opplysningane som har kome fram i søknaden, og etter ei heilskapleg vurdering av kva samfunnsfordelar og miljøulempar tiltaket vil føre med seg, har Fylkesmannen kome fram til at vi, under føresetnad om at dei skisserte avbøtande tiltaka vert utførde, kan gi løyve etter ureiningsforskrifta kapittel 22 til mudring i sjøbotnen i båthamna ved Ytre Hauge, og til dumping av muddermassane på djupt vatn like sør for mudreområdet, slik det er vist på kart i søknaden.

### **Varsel om gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen si handsaming av søknaden er omfatta av ei gebyrordning, jf. kapittel 39 i ureiningsforskrifta. Fastsetjing av gebyrsats skal baserast på ressursbruken knytt til handsaminga av søknaden.

Bremanger Båtforening vert med dette varsla om at Fylkesmannen vurderer å nytte gebyrsats 7 for handsaming av søknaden, dvs. kr. 12 800,-, jf. ureiningsforskrifta § 39-4 om gebyr for arbeid med fastsetjing av nye og endring av eksisterande løyve.

Dersom de har merknad til dette varselet, må denne sendast til Fylkesmannen innan tre veker. Gebyret vert deretter fastsett i eige vedtak.

### **Endring eller tilbakekalling av løyvet**

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet tilbake etter reglane i ureiningslova § 18.

### **Ansvar**

Sjølv om det er gitt løyve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren å hente inn naudsynte eller samtykkje frå andre styresmakter eller privatpersonar.

### **Offentleggjering av løyvet/vedtaket**

Ålmenta skal gjerast kjend med vedtaket, jf. § 36-11 i "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)"; kapittel 36 "Behandling av tillatelser etter forurensningsloven". Den som

har fått løyvet skal setje inn ei kunngjering i lokalpressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringstekst skal sendast Fylkesmannen. Tiltaket skal varslast før arbeidet startar.

Fylkesmannen vil kunngjere vedtaket på sine heimesider [www.fylkesmannen.no/sogn-og-fjordane](http://www.fylkesmannen.no/sogn-og-fjordane).

**Klagerett**

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld også vedtak om gebyr for sakshandsaminga. Jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta.

Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg og skal rettast til Klima- og miljødepartementet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernsjef

Grete Hamre  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*

Kopi på e-post/EDU til:

Bremanger kommune

Kystverket

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fiskeridirektoratet region Vest